

UTTALER VED 3. GONGS HØYRING AV KOMMUNEDELPLAN FOSSBERGOM - samandrag

BISKOPEN I HAMAR, 29.06.2020 (ingen motsegn)

Parkeringsplassen ved kyrkja gjeld både for kyrkjelege handlingar og for turistar som besøker kyrkja. I planskildringa kap. 7.9.3. kjem det fram at plassen har for liten kapasitet i turist-sesongen, da han ofte er full av privatbilar, turistbussar og campingbilar. Dette går ut over sikten mot kyrkja og opplevinga av ho. Hamar biskop ser difor positivt på forslaget i kap. 8.1.2 om å flytte parkeringa frå kyrkjevollen til ny plassering på prestegardsjordet vest for kyrkja. Denne plasseringa vil framleis gi kort gangavstand til kyrkja; 100-150m og gi betre innsyn til og utsyn frå kyrkja.

Samstundes er vi uroa for, at forslaget gjer at dyrka mark satt av til framtidig utviding av kyrkjegarden, fell bort. Kommunen nemner sjølv dette i planskildringa kap. 8.1.3. Vi håper utfra dette, at kommunen har med seg dette i det vidare planarbeidet.

Merknad: her må det vere ei misforståing; forslaget om ny parkeringsplass vest for kyrkja låg inne i planforslaget ved 2. gongs høyring, men er teke ut i forslaget som vart sendt til 3. gongs høyring.

STATENS VEGVESEN, 13.07.2020 (ingen motsegn)

Vegareal i plankartet bør delast opp, slik at det går tydeleg fram kva som er køyreveg og kva som er gang- og sykkelveg.

Merknad: i følge kart- og planforskrifta skal det ikkje vere differensierte vegformål i plankartet for kommune(del-)planar. Men gang- og sykkelveggar kan visast med linesymbol i plankartet.

Byggegrenser og haldningsklasser for avkjørsler (jf. vedtak i sak 85/12 i Fylkestinget i Oppland) skal gå fram av planføresegnene.

Kollektivterminal: Det er positivt at den blir på same staden som nå, av omsyn til passasjerane. Den blir nå endra slik at det blir tydeleg skilje mellom bussar og personbilar, og med det tryggare for gåande.

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING, 14.07.2020 (ingen motsegn)

DMF ga fråsegn utan merknad til andre gangs høyring og offentlig ettersyn av planen 15.10.2017. Det har ikkje komme til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. I føresegn til planen 4.2.3 om råstoffutvinning er det no slått fast at reguleringsplan for Bøvermunningen av 1998 skal fortsette å gjelde. Det er ikkje foreslått andre endringar for temaet. DMF har dermed ikkje merknadar til tredje gangs høyring av kommunedelplan for Fossbergom.

NVE, 10.08.2020 (MOTSEGN)

NVE opprettholder ikke innsigelsen til bestemmelsene knyttet til sikkerhet mot flom, men fremmer innsigelse til både hensynssoner og bestemmelser for skredfare

Hensynssoner skred innenfor planområdet baserer seg på NGI farekartlegging fra 2009. Denne kartleggingen tok ikke hensyn til skogen som sikring, slik man i dag gjør i farekartlegginger. Og kartleggingen viser ikke skogpolygoner med tanke på hvilken skog som har betydning for skredfaren i området. Det er derfor behov for å kunne dokumentere utbredelsen av skredfareområdene og gjeldende sikkerhetsnivå også uten skog, eller sikre at skogen over tiltaket opprettholder sin funksjon i forhold til skredfare for å kunne igangsette nye byggetiltak. Vi anbefaler at man samkjører den faglige avklaringen av denne innsigelsen med den faglige dialogen vi har i forbindelse med reguleringsplanen for Ulstad, som ligger innenfor dette planområdet. Men bestemmelsene må tilpasses dette plannivået.

Flom: Bestemmelsene for flomutsatt areal kan åpne for tolkninger som ikke er helt i tråd med gjeldene føringer fra DiBK, NVE fremmer ikke innsigelse til bestemmelsen, men anbefaler at man flomsikrer bygg innenfor flomutsatt areal slik at bygg ikke oversvømmes.

FYLKESMANNEN I INNLANDET, 19.08.2020 (ingen motsegn)

Sentrumsavgrensing og sentrumsutvikling

"vi kan framleis ikkje sjå at sentrumsavgrensing er synleggjort i planmaterialet. I den digitale versjonen av planen i InnlandsGIS ser vi likevel at det er lagt inn såkalla «bestemmelsesområde» sentrumssone, men utan føresegnar. Denne er etter det vi kan sjå ikkje omtalt i planmaterialet og er berre mogleg å identifisere i den digitale versjonen. Fylkesmannen ventar at kommunen, før vedtak av planen, synleggjer sentrumssona, t.d. i planskildringa, slik at det ikkje heftar tvil om kva som er vedtatt."

Merknad: Sentrumssona ligg inne i plankartet, og er skildra i tekst + kartfigur i kap. 8.1.13 i planskildringa.

Samstundes må kommunen ta inn føresegnar for bestemmelsesområdet - m.a. om at den er førande for komande sentrumsutvikling av tettstaden. Vidare handelsutvikling kan berre skje i tråd med rammene i regional planføresegn til den regionale planen, som er bindande for «Opplandsdelen» av Innlandet fylke.

Støy

Det ligg ikkje støysoner for ny trase for rv. 15 utanfor sentrum. Slik Fylkesmannen nå handterer støysaker ser vi at det kunne vore fremja motsegn til denne mangelen ved tidlegare høyringar.

Vi oppmodar kommunen sterkt om å gjennomføre ein støyfagleg utgreiing for ny rv. 15 og å leggje inn gul/raud støysoner som omsynssone i endeleg vedtatt plankart. Dette vil vere eit viktig grunnlag og premiss for vidare planlegging inn mot ny rv. 15.

Utviding av eksisterande næringsområde ved Åsjo naturreservat.

Fylkesmannen er godt nøgd med at kommunen nå har gjort vedtak om å ta ut denne utvidinga av eksisterande næringsområde.

Nytt næringsområde BN F2

Dette er på 3,1 daa, medan det som blei tatt ut var på 11,4 daa. Fylkesmannen oppfattar at dette nye og utvida området ligg relativt nær område for elvesandjeger, men samstundes har ei slik utforming at det ikkje er i konflikt med arten. Ut frå ei samla vurdering vil vi derfor akseptere denne utvidinga.

Presthaugen BOP10.

Det er innarbeidd føresegnar for området der formuleringa som Fylkesmannen sette krav om er teke inn, og Fylkesmannen har dermed ikkje lenger motsegn til planen på dette området.

Kulihaugen BF 2 og BF 3

-det er tatt inn krav om minimum 3 bueiningar/daa, og sett krav om at før utbygging av bustadområde B_F2 kan setjast i gang må minimum 75% av arealet på område B_F3 vere ferdig utbygd.

Motsegna til områda Kulihaugen BF 2 og BF 3 er med dette imøtekomne.

Parkering, bussterminal og område for utviding av kyrkjegarden

Områda er no vist som LNF-føremål. Utviding av kyrkjegarden har fått ny plassering aust for kyrkja. Motsegna som Fylkesmannen hadde ved andre gongs høyring er med dette imøtekomne.

Samfunnstryggleik og beredskapsomsyn

ROS-analysen omfattar no overvatn og planføresegnene omhandlar også overvatn. Omsynet til samfunnstryggleik og beredskapsmessige tilhøve ser no ut til å være ivareteke i kommunedelplanen.

Motsegnene som Fylkesmannen fremja ved andre gongs høyring er med det imøtekomne.

INNLANDET FYLKESKOMMUNE 18.09.2020, behandla i Fylkesutvalet 15.09.2020 (ingen motsegn)

- Fylkesutvalget anser innsigelsen til plassering av parkeringsplasser ved Lom stavkirke som imøtekommet og frafaller innsigelsen.

- Det er i planforslaget avsatt areal til ny kirkegård øst for stavkirken, og Fylkesutvalget anser derfor innsigelse til plassering av ny kirkegård som imøtekommet og frafaller innsigelsen.

- SVV har i samarbeid med Innlandstrafikk, utarbeidet en plan for ombygging av dagens kollektivterminal i sentrum, som ligger an til å bli bygd i 2022. Nå foreslås det at terminalen blir værende der den er i dag og blir utvidet/ forbedret. Fylkesutvalget frafaller innsigelse fra 2. gangs høring vedrørende plassering av kollektivterminal.

- Til 2. gangs høring ba fylkesutvalget om at Hensynssone (H570_2) for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkirke ble utvidet, slik at den omfatter det åpne landskapsrommet rundt kirka, inkludert Kyrkjevollen, Gamle Loar-bygget og prestegardsjordan. Innspillet er kun delvis tatt til følge ved 3. gangs høring og Fylkesutvalget ber om at hensynssonen må inkludere det åpne arealet rundt Lom stavkirke, forbindelsen mellom gammelt og nytt tun i prestegården samt den nærmeste synlige bebyggelsen.

- Fylkesutvalget ber om at riks- og fylkesveger blir lagt inn i planbestemmelsene med vegstatus og holdningsklasse for avkjørsler i henhold til gjeldende vegnettsplan for Oppland/ Innlandet. Samtidig bes det om at eksisterende og fremtidige gang- og sykkelveger vises i plankartet.

- Fylkesutvalget anmoder om at sentrumsutvikling bør skje ut fra sentrum. Sentrumssonen bør derfor ikke være større enn nødvendig for å tilrettelegge for en attraktiv og klimavennlig tettstedsutvikling. En fortsatt klimavennlig og attraktiv utvikling av tettstedet betinger en slik sentrumsutvikling. I planforslaget til 3. gangs høring er det valgt å ikke endre på sentrumssonen da den er i henhold til Regional plan for attraktive byer og tettsteder (2016).

Fylkesrådmannen tar dette til etterretning og inviterer til samarbeid om utvikling av Fossbergom.